

Arkiv:
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato:

Plannavn-
Kommunedelplan
for Meland
kommune -
Temarulling, FA-L1
<jplD> 20/15912

05.05.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvælg | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 027/20 | Alver kommunestyre | 14.05.2020 |

Kommunedelplan for Meland temarulling areal for havbruk- Vidare prosess knytt til motsegn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Endelig planvedtak for tema havbruk i kommunedelplanen for Meland vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for avgjersle.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Behandling:

Det vart stilt spørsmål ved habilitet for T.Skurtveit, kommunestyret gjorde samråystes vedtak på at T.Skurtveit er inhabil i denne saka. H.Brunborg møtte som vara for T.Skurtveit.

Framlegg frå MDG og V ved L.Johnsen-MDG:

Alver kommunestyre aksepterer Fylkesmannen i Vestland si motsegn til tema havbruk i planen.

Grunnjeving:

1. Havbruk har uløyste ureiningsproblem som må løysast før utviding i produksjon og i ny areal.
2. Alver kommune er i oppstartfasen med sine overordna planar for den nye kommunen, og eit interkommunalt planarbeid for sjøområda er i oppstartfasen. Det er naturleg at tema i kommunedelplanen for Meland kommune areal havbruk, må komme etter at dei overordna planane for Alver kommune og det interkommunale planarbeidet for sjøområda er på plass. Framlegget fekk 5 røyster og fall (M.Riise-MDG, L.Johnsen-MDG, S.Toft-V, H.Weber-R og A.Nordlund-SV).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 41 røyster, mot MDG, V, R og A.Nordlund-SV.

KO- 027/20 Vedtak:

Endelig planvedtak for tema havbruk i kommunedelplanen for Meland vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for avgjersle.

Politisk handsaming

Saka skal avgjera i kommunestyret

Bakgrunn

Saksopplysningar:

Historikk knytt til saka

Formannskapet i gamle Meland kommune varsla oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel jmf. Plan og bygningslova. § 11-12, i tråd med vedteke planstrategi. Framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema, har vore på offentleg ettersyn og høyring med frist 14.11.2017. Planprogrammet er vedteke i kommunestyre 14.02.18.

Kommuneplanen sin arealdel på tema har vore på høyring og offentleg ettersyn i perioden 30.04. til 04.07.19.

Kommuneplan for Meland 2019-2030 var behandla i Meland kommunestyre i sak 55/2019 i møte 16.10.19. Kommunestyre gjorde følgjande vedtak:

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling § 11-16 vedtok Meland kommunestyre kommuneplanen sin arealdel, med unntak av tema havbruk som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen i Vestland, og havbruk på land og djupvasskai i område N11 på Landsvik som det er varsle motsegn til.

Endeleg planvedtak for tema havbruk i kommuneplanen sin arealdel vert overført til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) for avgjersle. Endeleg vedtak for havbruk på land og djupvasskai i området N11 på Landsvik vert overført KMD.

Viser til plankart som er sendt på høyring. Areal til havbruksnæring på land og djupvasskai i området N 11 på Landsvik blir ein del av planen.

(Saksutgreiinga til saka i Meland kommunestyre 16.10.19 ligg ved denne saka.)

Bakgrunn for saka

Rullering av kommuneplan på tema:

Meland kommune arbeida med rullering av kommuneplanen på følgjande tema:

- Areal for havbruksnæring på land og vann, samt areal for djupvasskai
- Reiselivsrealert næringsutvikling til dømes Meland golf
- Sambandet Vest AS sitt val av vegløysingar over Meland
- Areal for parkering til attraktive turområde og rastepllassar
- Areal for gjenbruksmassar(diverse typar jord og stein) i kommunen
- Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug – Dalstø

Tema havbruk i planen som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen

I planarbeidet var det eit overordna mål å vurdere areal eigna for havbruk. Det er eit nasjonalt mål å ha fokus på akvakulturnæringa sitt potensiale. Næringsa er i stadig vekst, og det er viktig å kartlegge moglegheiter og avgrensingar framover.

Det er og gjort vurderingar av mogleg plassering av kai og havbruksnæring på land i heile kommunen. Konklusjonen var at området på Landsvik er godt eigna både for djupvasskai og landbasert anlegg i tilknyting til dette. Bakgrunnen for dette er mellom anna djupnettilhøva, relativt gode vindtilhøve, og ei plassering som ikkje krev at større båtar må lengre inn i fjorden.

I arbeidet med akvakulturanlegg i sjø er det i planen lagt inn areal som vart avdekkja som eit resultat av ein akvakulturanalyse. Det har og vore dialog og innspel frå aktørar i næringa. Arbeidet var organisert som ei interesseavklaring mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser på eit overordna nivå. Vi har vurdert tema akvakultur, sjøtransport og maritim næring, fiskeri og anna næring. Dette er vurdert i samanheng med naturgrunnlag i sjø, friluftsliv, landskap, kulturminne og kulturmiljø. Deretter er det gjennomført ei konsekvensutgreiing og risiko og sårbarhetsanalyse(ROS)

Basert på KU og ROS kom rådmann fram til at det bør leggjast til rette for område for akvakultur ved Kjeppevikholmen, to kombinerte område ved Skjelanger (FEFIAKFR) og to kombinerte område ved Kvernhusa/ Einhøyen (FEAK). Desse områda er det gjort KU og ROS for (ligg i eigne dokument).

Eit tilbakevendande tema for planarbeidet relatert til akvakultur er innvendingar/motsegn frå Fylkesmannen i Vestland knyta til det samla kunnskapsgrunnlaget for fjordsystemet. Rådmann har i dialog med fylkesmannen i Vestland i prosessen revidert kunnskapsgrunnlaget, og har mellom anna inkludert fagkjelder tilrådd av Fylkesmannen.

Kunnskapsgrunnlaget skal i følgje Naturmangfaldlova stå i rimeleg forhold til plantiltaket sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Kunnskapsgrunnlaget byggjer i denne samanheng på eksisterande registreringar og overordna status i dei forskjellelege områda. Dei nasjonale databasane Naturbase, Artskart, Miljøstatus, Lakseregisteret, Vann-nett og Barentswatch Fiskehelse har vore nytta. I tillegg har det vore nytta Havforskningsinstituttet (HI) sine årlege risikovurderingar knytt til akvakultur, samt nasjonale overvakningsprogram for lakselus. Meland sine eigne forvaltningsplanar for vassdrag samt kartlegging av sjøaurevassdrag i kommunen er òg teke med i kunnskapsgrunnlaget. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert å vera tilfredsstillande med omsyn til plannivå og planføremål sine omfang.

I planskildringa(ligg ved saka), er det kort gjort greie for akvakulturanalysen og metoden for den, innkomne innspel og resultatet av KU og ROS. Her er det søkt skildra kvifor ein kom fram til resultata ein gjorde, inkludert kort om akvakultur i plan- og bygningslova i høve til sektorlovgiving og driftstekniske forhold/økologisk tilstand.

Administrativ og politisk prosess etter høyring av planframlegget

Som omtala under bakgrunn for saka er kommuneplanen vedteke i kommunestyre i Meland i sak 55/2019 med unntak av tema havbruksrelatert næring, samt djupvasskai. Bakgrunn for at kommuneplanen er vedteke med unntak av tema havbruk og djupvasskai, er at det er knytt motsegn til tema frå fylkesmannen i Vestland.

Prosess knytt til varsle om motsegn

I høyring og offentleg ettersyn i perioden mai til juli 2019 varsle Fylkesmannen i Vestland motsegn til tema havbruk. Fylkesmannen skriv «*Det vert fremja motsegn mot alle akvakulturområde i kommuneplanen som ikkje har ei god nok vurdering av samla belastning*

av fjordsystemet. Fylkesmannen meiner det er store naturmangfaldinteresser i området, som er under stort press. Planen tek ikkje tilstrekkeleg høgde for dette og legg ikkje til grunn statlege rammer, mellom anna kva gjeld tilstanden for anadrome fiskebestandar, jf. lakse- og innlandsfisklova §§ 1, 2 og 7. Fjordane kring Meland er særstakt viktige utvandringsområde for laks frå fleire viktige vassdrag, mellom anna frå Vossavassdraget, og viktige beite og oppvekstområde for sjøaure.» Forsking syner at påverknaden på vill laksefisk frå lakselus i Nordhordland er svært høg. I tillegg er miljøtilstanden i byfjordbassenget, inklusive Herdlefjorden, ut til terskel ved Herdla under sterkt press og i negativ utvikling når det gjeld oksygeninnhald. Verknaden av meir akvakultur i fjordsystemet er ikkje godt nok vurdert i planen. Den beste måten å løyse dette på er å utarbeide ein interkommunal plan for sjøområda, som best tilgjengelege kunnskap og gjeldande statlege miljømål»

Formannskapet i Meland som var styringsgruppe for planarbeidet har vore tydlege på at tema havbruk er ein sentral del av planarbeidet. Dei ønske ikkje å følgje tilrådinga til fylkesmannen å ta tema ut av planen. Det var eit viktig moment frå styringsgruppa at Fylkesmannen hadde heile tida vore kjent med at Meland kommune har arbeida med tema havbruk, mellomanna i høyringa på tema i planprogrammet for planen. Det har også vore dialog i Regionalt planforum om tema. Det har ikkje kome klare signal frå Fylkesmannen om at dei ikkje tilrådde kommunen å arbeide vidare med saka. Formannskapet sende over saka til kommunestyre for avgjerd. Tilrådinga var å behalde tema havbruk i planen sjølv om Fylkesmannen hadde motsegn til tema.

Motsegn til kommunale planer

I <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-innsigelse-i-plansaker-etter-plan-og-bygningsloven>, står det følgjande om motsegn til kommunale planar: står det under 2.4.3. :

Innsigelse til klart avgrensa delar av ein plan. For komuneplanens arealdel kan kommunestyret ved innsigelse til klart avgrensede deler av planen vedta planen for øvrig med rettslig bindende virkning, jfr. plan- og bygningsloven § 11-16 første ledd. Det kan gjelde avgrensede deler av plankartet eller bestemmelser til planen. De områder eller deler som det er fremmet innsigelse til, skilles da ut for videre behandling.»

Ordninga med mekling i innsigelsessaker er lovfesta i Plan- og bygningslova § 5-6. Målet med meklinga er å kome til enighet og finne løysing. Tidlegare Meland kommune har hatt møter med Fylkesmannen i prosessen og formelle dialogmøte. Vi har ikkje lykkast å kome fram til ei løysing knytt til tema havbruk i komuneplanen sin arealdel.

Meland kommunestyre vedtok komuneplanen med unntak av areal knytt til havbruk etter paragraf § 11-16.

Prosess etter vedtak i kommunestyre

Formelt sett må eit vedtak om vidare arbeid med planen gjerast av det nye kommunestyre i Alver kommune etter mekling og referat frå meklinga. Det har i prosessen etter vedtak i Meland kommunestyre i oktober, vore dialog med rådmann i Alver og ny politisk leiing i Alver kommune om denne saka. Dei har også delteke i fleire felles møter om saka.

Fylkesmannen hadde ikkje høve til å møte kommunen til mekling før den 12.12.19. Referat frå meklinga som den politiske saka må byggje vidare på, er ikkje kome til kommunen før i 19.02.20.

Etter vedtaket i kommunestyre var det formell mekling om tema havbruk i komuneplan den 12. desember 2019 hos Fylkesmannen i Vestland. Det vart mekla mellom Meland kommune, no del av Alver kommune, og Hordaland fylkeskommune, no del av Vestland

fylkeskommune, og Fylkesmannen i Vestland.

Sara Hamre Sekkingstad, Ordførar Alver kommune, dåverande Ordførar i Meland kommune, Øyvind Oddekalv, Nils Marton Aadland, dåverande varaordførar, Meland kommune, Martin Kulild, rådmann Meland kommune, ass. rådmann Hogne Haugsdal i dåverande Lindås kommune og Kristin Nåmdal, leiar plan og analyse var tilstades i møte.

I brev frå Fylkesmannen i Vestland datert 19. 02.20 er resultat av meklinga oppsummert slik.

Mekling mellom kommunen og Fylkesmannen i Vestland:

1. Område for akvakultur i sjø

Fylkesmannen har motsegn til område for akvakultur i sjø grunna mangelfulle utgreiingar og vurderingar. Tema vart diskutert, også for ulike alternative forslag. Partane vart ikkje samde og motsegna står.

Meklinga ført fram for akvakultur.

2. Området Landsvik

Kommunen og Fylkesmannen vart samde i at området skal vere som i eksisterande arealdel til kommuneplanen utan endring.

Planstatus i dag i Alver kommune

Planstatus kommunedelplan for Meland kommune

Kommunedelplan for Meland er nå vedteke, men vi har ikkje oppdatert overordna planverktøy for tema havbruk. Forsvaret har etablert eit forbodssone i Herdlefjorden og det skaper utfordringar for havbruksnæringa. Eksisterande næring får ikkje høve til å vidareutvikle drifta si. Dette var ein av hovudårsakene til at tidlegare Meland kommune har valt å rullere kommuneplanen på tema.

Interkommunalplan for sjøareal i Nordhordland

Det har vore eit ynskje frå Fylkesmannen og kommunane å starte opp eit arbeid med ein interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Dette arbeidet skulle utførast i regi av regionrådet i Nordhordland.

Fylkesmannen har peika at Meland kommune burde venta med å gå i gang med arbeidet med å finne eigna areal til havbruk, til interkommunal plan for sjøområda var utarbeida. Kommunane ynskte ikkje å setje i gang dette omfattande planarbeidet parallelt med at det

pågjekk eit arbeid med samanslåing av kommunar i Nordhordland. Det ville vere særleg krevjande å arbeide med ein slik interkommunal plan, når hovudfokus på plansida var på å få vedteke kommuneplanane i dei tidlegare Alver kommunane.

Rådmenn og ordførarar i Alver kommunane har difor vore i dialog med fylkesmannen om å utsetje arbeidet med interkommunal plan for akvakultur tilbake i 2018. Det er eit omfattande planarbeid å setje i gang, og det var ikkje rett tid å starte planarbeidet når vi skulle bygge

nye Alver kommune. Dette har vore avklart tidleg i prosessen med Fylkesmannen i Vestland.

Organiseringa av planarbeidet med interkommunal plan for havbruk er nå starta opp. Målet er å få ei politisk sak til kommunestyra som er deltakar i planarbeidet tidleg til hausten.

Rådmann ynskjer å starte opp sjølve planarbeidet i haust. Interkommunal plan for havbruk vil tidlegast vere klar til politisk behandling i slutten av perioden. Truleg vil planarbeidet ta lengre tid.

Oppsummert

Alver kommunestyre må nå vurdere kva som skal gjerast vidare med denne saka. Nå er kommunedelplanen for Meland vedteke med unntak av tema havbruk. For få avslutta saka og få ei endeleg avklaring på planstatus til kommunedelplanen, må kommunestyre i Alver ta nokre val i høve til vidare handtering av tema havbruk. Dette tema er det framleis knytt motsegn til. Det er to alternativ for å kome vidare med arbeidet:

1. Alver kommunestyre aksepterer Fylkesmannen i Vestland si motsegn til tema havbruk i planen.

Dei formelle reglane knytt til handtering av motsegn, er at det her ikkje vil vere rom for ytterlegare mekling. Dersom Alver kommunestyre aksepterer motsegna vil Alver kommunestyre vedta planen slik den ligg i plankart vedlagt. Då vil areal for havbruk følgje kommuneplanen sin arealdel vedteke i 2015. (kart ligg ved saka, merka utan områder for havbruk)

2. Alver kommunestyre kan vedta å sende planen på tema havbruk over til kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD) for endeleg avgjerd.

Det var dette Meland kommunestyre tilrådde i saka 16.10.19, dersom kommunen ikkje nådde fram i meklinga med Fylkesmannen i Vestland. Kommunen nådde ikkje fram med sitt syn i meklinga og Fylkesmannen oppretthaldt si motsegn til tema havbruk.

Dersom Alver kommunestyre vedtek å sende saka over til KMD for avgjerd, er det knytt formaliserte prosedyrar for saksgang ved denne type saker.

Ved motsegn til kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan skal planen etter vedtak i kommunestyre, sendast til Departementet til behandling. Dersom kommunestyret ikkje har teke omsyn til motsegna. Kommunen skal først sende saka til Fylkesmannen som skal omtale si rolle og prosess knytt til saka. Kommunen må i sitt oversendelsesbrev forklare konflikt og kommunen sin grunn for ikkje å ta omsyn til motsegn. Kommunen må gje ei saksframstilling og dokumentasjon slik at fylkeskommunen, Fylkesmannen og Departementet får god oversikt over konflikten og kommunen si behandling av den.

Dette er ein prosess som vil ta administrative ressursar å få gjennomført. Det vil og ta tid, både med omsyn til at saka skal gjennom Fylkesmannsembete for vurdering og at KMD skal behandle saka. Rådmann kjenner ikkje til kor lang ein slik prosess er, men det vil truleg gå over eit til to år før vi veit resultatet.

Rådmann kjenner ikkje til kva standpunkt KMD vil ta i den vidare behandlinga av saka. Havbruk er eit nasjonalt satsingsområde som det er prioritert å leggje tilrette areal for.

Tidspunktet kan vere ei utfordring for saka. Vi er nå ein ny kommune, Alver, og kommunedelplanen for Meland vil vere ein delplan i Alver når Departementet behandler saka. Det kan og vere ei utfordring for saka at vi er i gang med ein interkommunal plan for sjøområda. Det må her understrekast at det er langt fram før den interkommunale planen er vedteke. Det er og krevjande rammevilkår for dei som driv havbruksnæring i gamle Meland

kommune, grunna den militære forbodssona som er etablert i Herdlefjorden.

Rådmann rår til å sende saka over til KMD for vidare avgjerd.

Vedlegg i saken:

| | | |
|------------|----------------------------------------------------------------------|---------|
| 30.04.2020 | PLAN-RAP-DES19 oppsummering Akvakultur | 1383821 |
| 30.04.2020 | Samordna uttale KPA Meland | 1383822 |
| 30.04.2020 | Temavis rullering av kommuneplanen sin arealdel (534910) | 1383823 |
| 05.05.2020 | arealplankart_temarevisjon_meland_2019 med UNNTAK AV TEMA HAVBRUK | 1385946 |
| 05.05.2020 | foresegn-kommuneplanen-sin-arealdel-meland-vedteke-16.10.19- | 1385947 |
| 05.05.2020 | planskildring-kommuneplan-sin-arealdel-pa-tema-vedteke-16.10.19 | 1385948 |
| 05.05.2020 | Arealplankart_temarevisjon_meland_2019 MED AREAL FOR HAVBRUK | 1386560 |
| 05.05.2020 | Mekling - kommuneplanens arealdel i Meland kommune referat 14.02.20 | 1386567 |